



Nesten alle som har gjort ein innsats i kafeen til no møtte fram til planleggingsmøtet tysdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

TI-aren Cafe i Gamleskolen er inne i eit nytt år og under eit møte for vertane onsdag vart det vedteke å opne ein halvtime seinare i 2008 – det vil seie klokka 11.30. Erfaringane fortel at det er svært få gjester den første halvtimen. Men som i startåret 2007 vil kafeen stenga klokka 15.

18 ihuga damer har vore i aksjon i 2007 med å drive dette fine tiltaket, som er eineståande i Kvinnherad. Det har så langt vore i overkant av 400 gjester på 15 opningsdagar. Tre gongar har gjestetallet passert 40 og det har vore gjestar også frå Rosendal og Husnes..

Etter oppmoding frå prosjektleiar Klara Bakke i Gamleskule-eigaren Uskedalen Utvikling klappa vertane med all grunn for seg sjølve ved møtestarten. Då var 16 møtt fram. Nokre få var fråverande, men det kom også to nye som vil ta eit tak i denne dugnaden.



Klara Bakke har vore og er entusiastisk prosjektleiar for kafeen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Dei som har stått for drifta har gjort ein kjempejobb, seier Klara til uskedalen.no, men legg til at ho gjerne tek i mot enda fleire. Det er hennar og andre sitt inderlege ønskje at også menn skal stilla opp, både som vertar og gjestar. Dei har så langt sett glimra med sitt fråver. Under møtet vart det drøfta om det er mogeleg å mønstra ei vertsgruppe av berre menn – eventuelt at mennene kan få ein dag eller eventuelt kveld for seg sjølve. Men noko avgjerd i denne saka vart ikkje fatta. Kven melder seg til teneste?

Ellers vart det vedteke å halda fram som før. Det gjeld til dømes menyen, som framleis skal vera enkel slik at det ikkje blir nokon konkurranse om standarden mellom gruppene. Prisane skal sjølvstakt også vera som før – alt kostar ein tiar!

Ei viktig arbeidsoppgåve i det nye året blir å gjera det noko trivelegare i lokalet. Framleis nyttar dei lånte møblar, men no er det løyva 10.000 kommunale kroner til dette føremålet og det er gjeve eit spisebord som gåve.. Det bør også bli fleire gardiner og noko på veggane. Av kjøkenutstyr har dei no stort sett det dei treng.

Av Ola Matti Mathisen



Damene som har stått på i TI-aren klappa med all grunn for seg sjølve. (Foto: Ola Matti Mathisen)